



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200902716-18/713/KJECHR

Dykkar ref.:

Bergen, 23. juni 2011

Oversendelse av vedtak etter møte i Kultur og Ressursutvalet - fråsegn til off. ettersyn av kommuneplan for Radøy.

Hordaland fylkeskommune oversender med dette vedtak etter politisk møte i Kultur- og Ressursutvalet den 20.06.11. Vedtaket gjeld fråsegn til offentlig ettersyn av kommuneplan for Radøy kommune.

VEDTAK:

1 Forslag til kommuneplan for Radøy kommune 2011 – 2023 er i hovudsak i samsvar med regional

politikk og satsingsområde. Kommunen har levert eit omfattande materiale med både samfunnsdel, arealdel og ein grundig konsekvensutgreiing.

2 Kulturminne

1. I føresegnene i kapittel 1.3 bør det under avsnittet om "Kulturminnelova" takast med at også i tilfelle med til no ukjende automatisk freda kulturminne skal saka leggest fram for kulturminnestyresmaktene.

2. Under kapittel 3.4 Område for LNF, plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 bør det leggest til som nytt punkt: Ved alle tiltak i LNF- sona skal kulturminnemynde ha saka til uttale.

Vedlagt dette brevet følgjer kopi av møtebok, samt kopi av saksutgreiing til politisk utval. Vi har og lagt ved uttale frå Statens Vegvesen og Riksantikvaren. Uttalen frå Statens Vegvesen skulle ha vore innlemma i vår saksutgreiing men ble sendt til oss etter fristen for utsending til politisk utval og kom difor ikkje med. Vi oppfordrar Radøy kommune om å ta omsyn til dei moment som kommer fram av uttalene frå Statens Vegvesen og Riksantikvaren.

Vi ønskjer dykk lykke til med det vidare planarbeidet.

Med helsing

Liv Sundheim
Konst. Plansjef

Kjetil Christensen
Spesialrådgjevar

Vedlegg:

Kopi av vedtak og møtebok

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen og Riksantikvaren.





SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200902716
Arkivnr. 713
Sakshandsamar Christensen, Kjetil

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	20.06.11	68/11

KOMMUNEPLAN FOR RADØY 2011 - 2023 - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 20.06.11

Anita G. Johannessen sette fram slikt forslag på vegner av Frp, H og KrF:

”Motsegnene i pkt. 2 og pkt. 3 skal strykast.”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Johannesen sitt fellesforslag pkt. 2 vart vedteke med 7 røyster (Frp, H, KrF) mot 5 røyster (Ap, SV, Sp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Johannesen sitt fellesforslag pkt. 3 vart vedteke med 7 røyster (Frp, H, KrF) mot 5 røyster (Ap, SV, Sp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

- 1 Forslag til kommuneplan for Radøy kommune 2011 – 2023 er i hovudsak i samsvar med regional politikk og satsingsområde. Kommunen har levert eit omfattande materiale med både samfunnsdel, arealdel og ein grundig konsekvensutgreiing.
- 2 Kulturminne
 1. I føresegnene i kapittel 1.3 bør det under avsnittet om ”Kulturminnelova” takast med at også i tilfelle med til no ukjende automatisk freda kulturminne skal saka leggst fram for kulturminnestyresmaktene.
 2. Under kapittel 3.4 Område for LNF, plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 bør det leggst til som nytt punkt: *Ved alle tiltak i LNF- sona skal kulturminnemynde ha saka til uttale.*

RETT UTSKRIFT:

DATO: 22. juni 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Michaela Bertelsen

SAKNR. 68/11
MØTEDATO 20.06.11

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Kultur- og ressursutvalet	20.06.11	68/11	

Kommuneplan for Radøy 2011 - 2023 - fråsegn

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



27.06.2011

Arkivsak 200902716-9
Arkivnr. 713
Saksh. Kjetil Christensen, Gunnbjørg Austrheim, Øystein Skår, Endre Korsøen, Per Morten Ekerhovd og Liv Sundheim.

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	21.06.2011

KOMMUNEPLAN FOR RADØY 2011 - 2023 - FRÅSEGN

SAMANDRAG

Radøy kommune har sendt forslag til kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel, med konsekvensutgreiing på høyring. Radøy kommune har i inneverande planperiode opplevd ein moderat befolkningsvekst og kommunen vil i dette planframlegget legge til rette for vekst i grendene.

Kommunen har, til grunn for dette planarbeidet, utarbeida grundige arbeidsmål som gjer greie for vegval og politiske prioriteringar. Førsegner til planen legg gode rammer for framtidig arealbruk og ei oversiktleg og systematisk konsekvensutgreiing fylgjer planen.

Planframlegget stettar i stor grad opp om arealpolitiske mål nedfelt i fylkesplanen. Hovudutfordringane er knytt til ivaretaking av landskapsomsyn i to nye byggeområder i planen, samt forvaltning av strandsona. Fylkesrådmannen tilrår motsegn til to nye byggeområder og til korleis planen viser byggjeforbodssona mot sjø.

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 Forslag til kommuneplan for Radøy kommune 2011 – 2023 er i hovudsak i samsvar med regional politikk og satsingsområde. Kommunen har levert eit omfattande materiale med både samfunnsdel, arealdel og ein grundig konsekvensutgreiing.
- 2 Byggjeområde

Delar av arealbruken i kommuneplanen er ikkje i samsvar med regional politikk når det gjeld ivaretaking av landskap og ivaretaking av verdifulle friluft- og naturområde. Dette gjeld for nytt bustadområde på Mangersnes og nytt område for fritidsbustader på Sylta. Det vert fremja motsegn til planlagt utbygging på Mangersnes (b7)og Sylta (f4).

3 Strandsone

Med bakgrunn i at det ikkje er mogleg å ta stilling til innteikna byggeline mot sjø vurderer vi at denne delen av planen er i strid med arealpolitiske retningsliner vedrørende forvaltning av strandsona i fylkesplanen og vi tilrår motsegn til planen. Kommunen må komme med utfyllande materiale som tydeleggjer eksakt byggegrense mot sjø.

4 Kulturminne

1. I føresegnene i kapittel 1.3 bør det under avsnittet om "Kulturminnelova" takast med at også i tilfelle med til no ukjende automatisk freda kulturminne skal saka leggest fram for kulturminnestyremaktene.
2. Under kapittel 3.4 Område for LNF, plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 bør det leggest til som nytt punkt: *Ved alle tiltak i LNF-sona skal kulturminnemynde ha saka til uttale.*



Paul M. Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg: Kart og føresegner
Sjå elles www.radøy.kommune.no

1. Bakgrunn og prosess

Radøy kommune har sendt forslag til kommuneplan, samfunnsdel og arealdel, på høring med uttalefrist til 15.06.11. Hordaland fylkeskommune har bedt om utsett frist fram til etter den 21.06.11 i påvente av politisk handsaming. Kultur- og ressursutvalet skal gje fråsegn til planforslaget.

1.1 Om handsaming i fylkeskommunen

Planforslaget vert i hovudsak vurdert ut i frå regionale interesser nedfelt i fylkesplanen, regionale planar og fylkespolitiske dokument samt sektoransvar. Dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel kan fylkeskommunen fremja motsegn til arealdelen av kommuneplanen.

Dersom det er gitt faglege råd om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser og desse ikkje vert fylgt opp i politiske organ i fylkeskommunen pliktar fylkeskommunen å gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka (Jamfør forskrift til Kulturminneloven Kap. 1, § 3. Det kan vera potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i byggeområda i planen og fylkeskommunen må difor ta atterhald inntil undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven er oppfylt.

1.2 Planprosess og medverknad

Radøy kommune starta arbeidet med revisjon av kommuneplanen våren 2008 og planarbeidet har vore diskutert i Regionalt planforum den 20.01.09, 16.02.10 og den 22.02.11. I møtet den 20.01.09 ble planprogrammet med plan for konsekvensutgreiing diskutert. I vår uttale til planprogrammet la vi mellom anna vekt på at utkast til planprogram var sær ryddig og oversiktleg men at plan for konsekvensutgreiing burde supplerast med einskilde tema.

Radøy kommune har orientert om planprosessen ved fleire høve i Regionalt planforum. I tilbakemeldingane frå planforum var det mellom anna vektlagt at kommunen i den vidare planarbeidet bør legge vekt på landskapstilpassing av nye bustadområde, medverknad, folkehelse, næringsutvikling, strandsoneforvaltning og havbruksforvaltning.

2. Generelle kommentarar

Kommuneplan for Radøy består av samfunnsdel og arealdel og inneheld følgjande dokument:

- Samfunnsdel
- Planskildring
- Plankart
- Føresegner
- Konsekvensutgreiing
- Risiko og sårbaranalyse
- Støysonekart veg
- Kjerneområdekartlegging for viktige landbruks- natur og kulturlandskapsområde
- Landskapsanalyse

2.1 Samfunnsdelen

Radøy kommune har nedfelt følgjande visjon for samfunnsdelen av planen: *"Radøy – den grønne øya – tryggleik, trivsel og livskavlitet for alle"*.

Felles målsettingar for planarbeidet er:

- Ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og for komande generasjonar.
- Aktiv deltaking i utviklinga for alle som bur og arbeidar i kommunen.
- Sikre og gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Tema i samfunnsdelen

Samfunnsdelen av kommuneplanen er oppdelt i slike kapitler:

1. Grunnlag og målsettingar
2. Overordna føringar og rammer for planarbeidet
3. Naturgrunnlag, busetnad og folketal.
4. Miljø.
5. Jordbruk.
6. Natur- og skogbruk.
7. Fiskeri, akvakultur og marin vidareforedling.
8. Næringsutvikling.
9. Tenester innan helse og omsorg.
10. Oppvekst og læring
11. Kultur.
12. Kyrkja.
13. Kommunalteknisk utbygging og drift.
14. Beredskap.
15. Brann og redningstenester.
16. Politi.
17. Kommuneorganisasjon.
18. Oppsummering.

Under følgjer ein omtale og kommentar av ein skilde tema i samfunnsdelen.

Naturgrunnlag, busetnad og folketal

I dette kapitlet gjer kommunen greie for geografisk plassering og arealressursar. Vidare er det gjort greie for forventa folketalsutvikling med vekt på SSB sin folketalsframskriving til 2030 (sjå fig).

	2015	2020	2025	2030
Høg vekst	5 025	5 269	5 530	5 778
Middels vekst	4 981	5 148	5 332	5 493
Låg vekst	4 926	5 064	5 158	5 224

I denne tabellen tilsvarar middels vekst ein folketalsauke på ca 0,7% årleg tilvekst i folketallet, dette er lik den årlege folketalsauken dei siste tre åra i kommunen.

Den siste delen av kapitlet omhandlar kommunesenteret Manger og mål for vidare utvikling av tettstaden. Den vidare utviklinga av Manger skal skje gjennom fortetting, medan viktige landbruksareal skal skjermast for vidare utbygging. Det skal og leggast vekt på å etablere grøne korridorar og god tilgjenge til friluftsområda.

Kommentar:

Denne delen av samfunnsdelen gir god oversikt over ressursar og viktige utviklingstrekk i Radøy kommune. Utviklinga av folketallet viser at kommunen har moderat vekst i folketallet og måla for kommunesenteret er i samsvar med Regional politikk.

Miljø

I dette kapitlet har kommunen gjort greie for måla med miljøarbeidet i planperioden. Her er det mellom anna vektlagt berekraftig utvikling, klimahandlingsplan og ivaretaking av det biologiske mangfaldet. Det er vidare fokusert på ivaretaking av lokalsamfunna i heile kommunen og viktigheita av eit aktivt folkehelsearbeid.

Den siste delen av kapitlet omhandlar vern mot ureining, med spesielt fokus på vassforvaltning. Kommunen har mellom anna mål om å redusera og hindre vassforureining og næringstilsig til vassdrag og mål om å tilbakeføre vassdrag til naturtilstand.

Kommentar

Måla for miljøarbeidet i Radøy kommune er i samsvar med regional politikk og i samsvar med klimaplan for Hordaland.

Næringsutvikling

Radøy kommune har i dette kapitlet gitt god informasjon om status for sysselsettinga i kommunen, og her går det fram at kommunen mellom anna har stor utpendling og at hovuddelen av arbeidstakarane jobbar innanfor offentleg sektor samt handel/service og kontor.

Vidare vert det opplyst at Radøy er den nest største jordbrukskommunen i Nordhordland og at jordbruket er ei viktig næring med lange tradisjonar i kommunen. Radøy kommune skal og ha eit aktivt natur- og skogbruk som nyttar vilt- tømmer og vedressursane på ein berekraftig måte.

Radøy kommune skal og stimulera til auka verdiskaping av dei marine ressursane på ein måte som er positivt for miljøet, friluftslivet og for næringsutøvarane.

Det er eit mål for kommunen å legge til rette for eit positivt og allsidig næringsliv basert på lokale ressursar og naturgjevne tilhøve. Det er og eit mål å oppretthalde bruksstrukturen innafor jordbruket, styrke driftsgrunnlaget på gardsbruka, samt å stimulere til auka samarbeid mellom gardane. Kommunen har og mål om å auke uttaket av tømmer, bygge fleire skogsbilvegar og å forvalte hjortestammen på ein god måte.

Kommentar

Måla for næringsutviklinga er i samsvar med regional politikk, og det er spesielt positivt at kommunen vil legge til rette for eit allsidig næringsliv. Det er og positivt at kommunen ønskjer å styrke driftsgrunnlaget innafor jordbruket og oppretthalde bruksstrukturen. Dette vil bidra til å ivareta identiteten til Radøy som “*Den grønne øya*”, samt å styrke lokalt basert næringsliv knytt til natur, jordbruk og fiske.

3. Planskildring

Kommuneplanen for Radøy omfattar ein overordna samfunnsdel som gjer greie for føremålet med planen, hovudinnhald og verknader for rørte partar, samt mål og strategiar for heile kommunen sin verksemd.

Arealdelen av kommuneplanen består av ei planskildring som skildrar korleis kommunen har arbeid med dei juridisk bindande dokumenta i kommuneplanen: kart og føresegner og planskildringa er retningsgjevande for arealbruken. Arealdelen av kommuneplanen består av plankart og føresegner. Det er utarbeida temakart for kjerneområde landbruk og støysonekart som omsynssoner. Vidare er det utarbeida ein konsekvensanalyse og ROS-analyse.

Hovudfokus i arealdelen

Radøy kommune har i planarbeidet hatt særskilt fokus på å ivareta desse temaene:

- Verdifulle produksjonsareal for landbruket, jord og skog.
- Verdifulle kulturlandskapsområder.
- Grøntstrukturar kring vatn og vassdrag.

- Verneverdige bygningsmiljø/kulturminne.
- Verdifulle areal for biologisk mangfold og friluftsliv.
- Born og ungdom sine leike- og oppvekstområde.

Føresetnader for utvikling og vekst

I arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har kommunen hatt som mål å få til ein utvikling av kommunesenteret Manger som gjer at dette kan fungere som ein motor for utvikling også andre stader i kommunen.

Kommunen har og hatt som mål å tilby “urbane” miljø fleire stader i kommunen, sikre den grønne profilen til kommunen gjennom berekraftig vekst og å legge til rette for attraktive bustadområder. Vidare har bruk og vern av strandsona og vore ei sentral problemstilling.

Som ein del av arbeidet med å styrke bygdene og den lokale identiteten har kommunen ønskje om å legge til rette for moderne “klyngetun”. Nye byggetiltak i bygdene skal vere vurdert ut frå kapasiteten på eksisterande infrastruktur og med krav til god byggeskikk, miljø- landskapstilpassing.

Arealbruk

I denne delen av planskildringa er det gjort greie for ulike arealføremål i arealdelen av planen. Her er det mellom anna opplyst at det i byggeområda i planen er lagt til rette for fortetting innanfor eksisterande felt medan bygging av nye fritidsbustader skals skje som feltutbygging. Det er sett av moderat med nytt næringsareal kring eksisterande verksemder og kommunen har ved denne revisjonen ikkje sett av nytt areal til småbåthamner.

Når det gjeld LNF-områda i planen har kommunen gjennomført kjerneområde kartlegging av viktige landbruks- og kulturlandskapsområder. Når det gjeld bruk- og vern av sjø og vassdrag har kommunen sett inn byggegrense mot sjø på bebygde heilårseigedomar og i regulerte felt. Kommunen har ikkje sett av nye områder for akvakultur.

Arbeidsmål for arealdelen

Radøy kommune har i planarbeidet hatt desse arbeidsmåla (utdrag av relevante delar):

1. Nye bustadområde skal ha ei attraktiv lokalisering og skal i størst mogleg grad knytast til eksisterande infrastruktur, skule og butikk m.m.
2. Grendene skal styrkast ved at det vert sett av område for bustadbygging anten i mindre felt, klyngetur eller som LNF- spreidd.
3. Kommunen skal ha ei sterkare satsing på kollektivtrafikk, sykkel- og gangtilhøva.
4. Arealdelen skal gje klare rammer for fortetting.
5. Prinsippa for universell utforming skal innarbeidast i planen gjennom føresegner og retningslinjer.
6. Det skal leggest til rette for fortetting i eksisterande felt for fritidsbustader med gode kvalitetar i nordvestre del av kommunen.
7. Nye tomter skal utgjere ein del av allereie etablerte eller nye hyttefelt.

Landbruk- Natur og friluftsliv

1. landbruksinteressene vert kartlagt i kjerneområde landbruk og vert lagt inn som omsynssone i kommuneplanen.
2. Større samanhengande friluftsområde og særleg viktige landskap og naturmiljø skal sikrast gjennom omsynssoner.
3. Det skal settast av areal til universelt utforma badeplassar og stiar.
4. Næringsutvikling i tilknytning til landbruket skal synleggjerast.
5. Funksjonell strandsona skal fastsettast i alle byggeområde.
6. Byggjeforbodssona på 50 m langs vassdrag skal vidareførast frå gjeldande plan.

Næringsområde

1. Nye næringsareal skal ha ei attraktiv lokalisering og rom for framtidige utvidingar.
2. Større næringsområde skal lokaliserast langs med ny Rv 565 trase.

Småbåthammer og naust

1. Det skal leggest til rette for god tilgang til bruk av sjøområda i kommunen ved at det vert sett av småbåthammer.
2. Der tilhøva ligg til rette for det skal det kunne fortettast i eksisterande naustområde.
3. Ved regulering av småbåthammer og naustområde skal det leggest til rette for god parkering, tilkomst tilstrekkeleg areal for ålmenta.

Kommentar

Høyringsforslaget har ein god og oversiktleg planskildring med omtale av utfordringar og mål for planarbeidet. Det er positivt at kommunen i særleg grad har vektlagt grundige analyser for vurdering av ny arealbruk og at kommunen har ein langsiktig strategi for ivaretaking av landbruks- natur og friluftareala i kommunen.

4. Arealplan – inklusive føresegner/retningslinjer og konsekvensutgreiing

Byggeområde

Bustad: Det er i planframlegget lagt til rette for moderat vekst med nye bustadområde. Fleire av dei nye bustadområda i kommunen ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde og infrastruktur. Den største utvidinga av bustadområde er planlagt på Mangersnes. Dette arealet er på i alt 50 dekar. Det er og lagt til rette for bustadområde på Sylta, Helland og Stølane, samt andre mindre bustadområde i grendene.

Fritidsbustad: Når det gjeld fritidsbustader har kommunen lagt ut i alt tre nye områder til dette føremålet. Det eine området på Haugstad er å rekne som oppdatering av arealdelen i høve til gjeldande arealbruk. I planframlegget er det sett av i alt 35 dekar med nytt areal til fritidsbustad.

Fritids-, turist- og tenesteyting: Det er i planframlegget sett av i alt fire områder til desse føremåla. Det eine området ligg på Kvalheim og er i planen sett av til kombinert føremål fritid/turist, medan det andre området ligg på Sylta og arealet er sett av til fritid/næring. Dei to siste areala er sett av til tenesteyting og ligg på Sylta og Nordbø.

Naust/småbåthamn: I planframlegget er det lagt ut totalt 4 nye naustområde og 3 småbåthammer. Desse områda er i all hovudsak nytta som naustområde i dag eller ligg i nærleiken av eksisterande naustområde.

Næring

I planframlegget er det sett av 5 nye område for næringsføremål. Desse områda har ein storleik på om lag 10 dekar og ligg i nærleiken av eksisterande næringsverksemdar.

Kommentar:

Det er gjennomført eit grundig planarbeid der dei fleste relevante samfunnsinteresse har blitt vurdert i konsekvensutgreiinga. Dei fleste nye byggeområde i planen, både bustad, fritidsbustad og næring, er lagt i nærleiken av eksisterande busetnad og områda er moderate i storleik. Nye naustområde og områder for småbåthammer er lagt i områder med eksisterande naust og fritidsbusetnad og områda er moderate i storleik.

Vi saknar imidlertid oversikt over arealreserve i eksisterande bustadfelt, samt oversikt over behovet for nye bustader i planperioden. Radøy kommune har nyleg vedteke kommunedelplan for Radøy Sør, samt kommunedelplan for Manger. I begge desse planane er det sett av rikeleg med nytt bustadareal.

Som ein del av planarbeidet har det og blitt utarbeida eigne landskapsanalyser for dei største byggeområda i planen. Det eine området ligg på Mangersnes og er på om lag 50 dekar og er i planen sett av til framtidig bustadområde. Det andre området er sett av til fritidsbusetnad og området er på om lag 120 dekar og ligg på Sylta. Landskapsanalysen som er utarbeida for desse område frarår utbygging både på Mangersnes og på Sylta, dette mellom anna med bakgrunn i negativ eksponering på sjø og med bakgrunn i at begge områda har store natur- og friluftsverdiar.

I plandokumentasjonen som føl planen står det opplyst at dette revisjonsarbeidet ikkje omfattar områder som ligg innanfor kommunedelplan for Manger eller kommunedelplan for Radøy Sør. I nytt framlegg til kommuneplan er det imidlertid lagt inn eit nytt byggeområde for bustader på Mangersnes i strid med opplysningane gitt i plandokumentasjon.

Vi vurderer totalt sett at dei nye byggeområda i planen er i samsvar med regional arealpolitikk, dette med bakgrunn i at dei er moderate i omfang og at dei ligg i nærleiken av eksisterande infrastruktur og busetnad. Konsekvensutgreiinga har, på ein ryddig måte, gjort greie for dei samfunnsmessige konsekvensane av kvart einskild tiltak.

Vi er imidlertid kritisk til nytt bustadområde på Mangersnes og nytt område for fritidsbustader på Sylta, dette med bakgrunn i fare for negative landskapsinngrep og uheldige inngrep i verdifulle natur- og friluftsområder. Radøy kommune har rikeleg med bustadreserver i gjeldande planar og bør bygge ut desse områda framfor å legge til rette for nye byggeområder med negativ verknad for natur, miljø og samfunn. Vi vurderer at desse to nye byggeområda i planframlegget er i strid med regional arealpolitikk og tilrår motsegn til planlagt utbygging på Mangersnes (b7)og Sylta (f4).

Landbruk-, natur- og friluftsliv (LNF)

Innhald: Areal avsett til landbruk-, natur- og friluftsliv (LNF) utgjør mesteparten av landarealet i kommuneplanen.

Innanfor LNF – sona er det sett av fleire omsynssoner som angir sikringssoner, fareområder og bandleggingsområder. Som ein del av planarbeidet har Radøy kommune, i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, utarbeida kjerneområdekartlegging av dei viktigaste landbruksareala. I planskilddringa som føl planen er det opplyst at dei viktigaste landbruksareala skal leggjast inn i kommuneplanen som omsynssone, men vi kan ikkje sjå at dette er gjennomført.

LNF- område med løyve til spreidd utbygging: Ein av målsettingane i dette planarbeidet har vore å oppretthalde busetnaden i grendene gjennom å legge til rette for utbygging av LNF- spreidd område eller eksisterande byggeområde. I planframlegget er det lagt til rette for fire nye område med løyve til spreidd busetnad, og dette er på Mjøs, Kvalheim, Villanger og Sævdal.

Kommentar

Område med løyve til spreidd utbygging er moderate i omfang og legg til rette for å oppretthalde busetnaden og veksten i lokale næringar i grendene. LNF-sona, med område for spreidd busetnad og næringsverksemd, samt omsynssoner og føresegner er i all hovudsak i samsvar med regional arealpolitikk.

Vi saknar imidlertid at områder med lokal og regional verdi for friluftsliv, områder med stor verdi for landskap og at kjerneområdekartlegging av viktige landbruksareal visast att som eigne omsynssoner i arealdelen av planen. Radøy kommune er ein kommune med store natur-, landbruks- og friluftsverdiar og desse verdiane burde ha blitt synleggjort i arealdelen av planen.

Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne

Kommunen har markert alle automatisk freda kulturminne med ein rune-R, noko som er godt synleg på arealplankartet.

I føresegnene i kapittel 1.3 under anna lovverk, er undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova ivaretatt. I andre avsnitt under "Kulturminnelova" står det: "Om kulturminne kan verte råka skal saka leggjast frem for kulturminnestyresmaktane..." Her kan det presiserast at dette også gjeld til no ukjende automatisk freda kulturminne.

Under kapittel 3.4 Område for LNF, plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 ønsker Hordaland fylkeskommune at det vert lagt til eit nytt punkt: *Ved alle tiltak i LNF skal kulturminnemynde ha saka til uttale.*

Nyare tids kulturminne

Radøy kommune har gjeve ein ryddig og god presentasjon av framlegg til kommuneplan. Kommunen har nylig laga ei kulturplan, der det er vedtatt at det skal lagast ein kulturminneplan innan 2013. Denne vil vere eit nyttig verktøy for å bidra til å ivareta kulturminne på ein heilskapleg måte. Vi vil oppmode kommunen om å gi ein meir fyldig omtale av automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne i den framtidige kulturminneplanen. Registrering av Sjøbruksmiljø frå 1995 er og heilt sentral i dette arbeidet. Vi vil om at det i dette arbeidet og vert definert omsynsoner for kulturminne og kulturmiljø.

Konfliktar med kulturlandskap

Radøy har unike landskapskvalitetar, og det historiske kulturlandskapet er høgt verdsett. Noreg har forplikta seg til å fylje opp Den europeiske landskapskonvensjonen.

Landskapsanalyse for Mangersnes og Syltnes

Området som er vurdert som verdifulle landskap i kommunens landskapsanalyse, bør forvaltast slik at kvalitetane i landskapet, slik dei er vektlagt i landskapsanalysen, oppretthaldast og styrkes, jfr. plan- og bygningslova §11-9,

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Innhald: Denne arealkategorien omfattar sjøareala i planen med mellom anna; småbåtanlegg, farleder, fiske og akvakulturanlegg. Det meste av sjøarealet er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Eksisterande område for akvakultur er vidareført frå gjeldande kommuneplan, det same gjeld låssettingsplassar og gyteplassar.

Havbruk

Hordaland fylkeskommune forvaltar akvakulturlovverket i Hordaland fylke. I samband med planlegging etter plan- og bygningslova har fylkeskommunen lovfesta rett og plikt til å medverke i det kommunale planarbeidet (PBL §§ 11-4,5) for å ivareta statlege og regionale omsyn, og for å medverke til at planen får eit godt fagleg fundament. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafør akvakulturnæringa.

Særleg sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknyta akvakultur er PBL § 11-7 pkt. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og § 11.11 pkt. 3 bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn, og pkt 7 kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast.

Akvakulturverksemd vert regulert under akvakulturlova. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturlova § 15 som er sentral, løyve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova.

Hordaland fylkeskommune fekk frå 01.01.2010 overført ansvaret for å ivareta havbruksinteressene i kommunal kystsoneplanar frå Fiskeridirektoratet i samband med forvaltningsreforma. Ansvaret for å fremje motsegn på vegne av havbruksinteressene er no tillagt fylkeskommunen.

Med denne bakgrunnen vil fylkeskommunen delta i kystsoneplanlegging for å

- dokumentere og avklare havbruksnæringa sin bruk og behov for areal i kystsona
- ivareta overordna nasjonale og regionale retningslinjer for havbruk
- arbeide for ei balansert og berekraftig utnytting av areal, med utviklingsmuligheiter for akvakulturnæringa

Kommentar

Til grunn for dette planarbeidet er det gjennomført eit omfattande kartleggingsarbeid av strandsona med tilhøyrande sjø- og landareal. Kommunen har i planframlegget tatt omsyn til resultatet frå desse undersøkingane og lagt til rette for ein avbalansert arealbruk som både legg til rette for auka bruk og vern av areal. Føresegnene til planen legg og gode rammer for framtidig arealbruk.

Rulleringa av arealplanen i Radøy kommune vart starta opp før fylkeskommunen overtok oppgåvene. Vi viser til Fiskeridirektoratet region Vest sine innspel til høyring av planprogram og oppstart av planarbeidet av 29.05.2009. Dette innspelet gjer på ein god måte greie for bruk og behov for areal for havbruksnæringa, samt at det vert gjeve linkar til informasjon og tilbod om deltaking i det vidare arbeidet.

I framlegget til ny plan, er dei fleste område der det er gjeve løyve etter akvakulturlova vidareført. Kommunen har gjort framlegg om justering av akvakulturområde slik at dei vert i samsvar med verkeleg plassering av nokre av anlegga.

Ved Otterholmen er det gjeve eit løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure. Løyve var sist i bruk i november 2007. I planframlegget er dette AK-området fjerna. Fjerning av AK-området i arealplanen vil gjere søknader om endringar av løyve på denne lokaliteten i strid med planen. Lokalitetar der det er gjeve akvakulturløyve må vidareførast i planen. Vi føreset at kommunen ved slutthandsaming av planen legg inn att AK-området ved Otterholmen.

Strandsona

Radøy kommune har som ein del av dette planarbeidet lagt inn byggegrense mot sjø på bebygde eigedomar med heilårsbusetnad i LNF-sona. Kommunen har og lagt inn byggegrense mot sjø i regulerte områder.

Denne byggegrensa visast att i kommunedelplanen som stipla line i landbruks-, natur og friluftssona med høve til spreidd utbygging og som byggeline i regulerte byggeområde. I føresegnene til planen er det nedfelt følgjande føresegner, heimla i plan- og bygningslova § 11-9 nr 5, jfr § 1-8 nr 3 :

"Strandsona er avgrensa av ei byggegrense, som erstattar den generellebyggjeforbodssona på 100 meter (plan- og bygningslova § 1-8). Nybyggegrense er vist i kart.

Byggegrensa mot sjø er 100 meter der ikkje anne er vist i plankartet. Byggegrense mot vassdrag er 50 meter om ikkje anna er vist i arealplankart".

Kommentar

Vi vurderer at den byggegrensa mot sjø som er markert i kommuneplanen er grovt framstilt og at byggelina er svært vanskeleg å tyde. Denne byggelina i kombinasjon med juridisk bindande føresegner som viser til innteikna byggeline kan gje grunnlag for mistydingar i etterkant.

Vi vurderer samla sett at innteikna byggeline mot sjø i regulerte byggeområder og i områder avsett til spreidd utbygging i LNF-sona er mangelfullt framstilt og at dette gjer det vanskelig å ta stilling til om verdiane knytt til strandsona er ivaretatt og at 100 metersbeltet kan fråvikast. Inntil dette er gjennomført gjeld reglane for byggeforbod i 100 metersbeltet fullt ut. Vi vil oppfordre Radøy kommune til å komme med supplerande materiale som tydeleggjer eksakt byggeline mot sjø.

Med bakgrunn i at det ikkje er mogleg å ta stilling til innteikna byggeline mot sjø vurderer vi at denne delen av planen er i strid med arealpolitiske retningsliner vedrørende forvaltning av strandsona i fylkesplanen og vi tilrår motsegn til planen. Kommunen må komme med utfyllande materiale som tydeleggjer eksakt byggegrense mot sjø.

Klima og energi

Radøy kommune har i dette planarbeidet implementert krav om miljø- og klimatilpassing i føresegnene til planen. I føresegnene står det mellom anna at: *"Ved planlegging av nye byggeområde og utforming av tiltak skal det takast omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind og kaldras .Planlegging*

og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand (2,5 meter i forhold til middelvassstand frå 1954)''.

I føresegene til kommuneplanen er det og nedfelt føresegner med dokumentasjonskrav til nye reguleringsplanar, og her står det mellom anna at: *''I samband med regulering av byggeområde skal det for planområdet utarbeidast energiutgreiing som gjer greie for valde løysingar for fornybar energiforsyning og lavt energiforbruk. Etablering av nærvarmeanlegg skal vurderast i større bygg og byggeområde. Reguleringsplanar skal gjennom føresegner etter § 12-7 nr 8 ta stilling til spørsmålet om vassbåren varme''.*

Kommentar:

Vi vurderer det som positivt at Radøy kommune har nedfelt føresegner om klimatilpassing av nye bygg og anlegg og dokumentasjonskrav til nye reguleringsplanar og vurderer at dette er gjort i samsvar med klimaplan for Hordaland.

Føresegner og retningslinjer

Innhald: Føresegnene og retningslinjer til planen er utforma generelt for heile kommunen og detaljert i høve til hovudtema i plan- og bygningsloven. Det er mellom anna gitt eit generelt plankrav for alle nye byggeområde i kommunen, krav om rekkefølge for etablering av naudsynt infrastruktur, miljøkrav, krav til estetisk tilpassing til terreng og eksisterande busetnad. Det er og nedfelt føresegner med krav om utarbeidng av landskapsanalyse for alle nye reguleringsplanar og utbyggjar skal dokumentera at det er teke omsyn til landskap, grøntdrag, turveggar og biologisk mangfald i reguleringsplanarbeidet. Det er og nedfelt føresegner om kvalitets- og funksjonskrav til leike- og uteoppholdsareala.

Kommentarar.

Føresegner og retningslinjer til planen er oversiktlege og målretta. Føresegnene til byggeområda i planen med krav til estetisk tilpassing, landskapsanalyser og kvalitets- og miljøkrav til leie- og uteoppholdsareal er banebrytande.

Konsekvensutgreiing:

Innhald: I konsekvensutgreiinga for dette planarbeidet har Radøy kommune vurdert positive og negative verknader av ny arealbruk i kvart einskild område. Konsekvensane er vurdert på ein skala frå -3 til + 3 frå store negative til store positive, Ingen særskilte konsekvensar er sett til 0.

Område som er vurdert er vurdert ut frå følgjande KU- tema:

- Naturverdiar og biologisk mangfald
- Landskap
- Naturrisiko
- Landbruk
- Friluftsliv
- Kulturminne og kulturmiljø
- Universell utforming
- Helse
- Forureining
- Barn og unge
- Infrastruktur og tenestetilbod
- Energibruk og miljø
- Samfunnstryggleik

Konsekvensvurderinga er ein samanstilling av det enkelte tema sin verdi og tiltaket sin påverknad og omfang. Det har og blitt gjennomført eigen risiko og sårbarheitsanalyse for planarbeidet.

Kommentar

Konsekvensutgreiingsarbeidet som er gjennomført i dette planarbeidet er av høg kvalitet. Sjølv om konsekvensutgreiinga er omfattande, har framstilling, kvalitet og metode bidrege til at det er enkelt for berørte partar å sette seg inn i innhaldet og få oversikt over aktuelle problemstillingar.

5. Oppsummering

Forslaget til kommuneplan for Radøy med samfunnsdel og arealdel er ryddig og oversiktleg og både samfunnsdelen og arealdelen er i stor grad i samsvar med regional arealpolitikk.

Radøy kommune har i dette planarbeidet mellom anna hatt som mål å sikre ein bærekraftig samfunnsutvikling, aktiv deltaking frå alle brukargrupper og å sikre gode oppvekstvilkår for born og unge. Vi vurderer at nytt framlegg til kommuneplan stør opp om desse målsettingane i kommunen.

Kommunen har og hatt mål om å sikre busetnad og næringsvekst i grendene. Planframlegget viser at kommunen har klart den vanskelege balansegangen mellom å legge til rette for bruk- og vern av areal og at planen sett gode og langsiktige rammer for den framtidige arealbruken.

Det er likevel trong for nokre endringar av planen. Fylkesrådmannen tilrår motsegn til nytt bustadområde på Mangersnes og nytt hyttefelt på Sylta og til planframlegget sin måte å vise byggeforbodssone mot sjø.



SAKSBEHANDLER
Hanne Merete R. Moldung

VÅR REF.
11/01044-2

DERES REF.

ARK. P - Plansaker

271 Radøy kom. - Ho

INNVALGSTELEFON

+47 98 20 27 97

DERES DATO

VÅR DATO
07.06.2011

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

2011

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelingen
Seksjon for kulturminnevern og museum
Postboks 7900
5020 Bergen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr.	Dok.nr.
200902716	14
08 JUNI 2011	
Arkivnr.	Saksh.
713	0455KA
Eksp.	
U.off.	

Kulturminnefaglig uttalelse til ny kommuneplan for Radøy kommune - 2011-2023 - offentlig ettersyn.

Vi viser til oversendelse av forslag til kommuneplan for Radøy kommune til offentlig ettersyn i e-post av 19.5.2011.

Planområdet omfatter de automatisk fredete kulturminnene Manger middelalderkirkegård, Askeladden ID 84386-4, Sæbø middelalderkirkegård, Askeladden ID 85030-4 og Hordabø middelalderkirkegård, Askeladden ID 84630-2 jf. Lov om kulturminner (kml), § 4a.

Riksantikvaren uttaler seg her kun som kulturminnemyndighet for automatisk fredete kirkegårder fra middelalderen etter kml §§ 8 og 9, jf. forskrift til kml. Fylkeskommunen skal innhente og samordne uttalelser fra øvrig kulturminneforvaltning i plansaker og skal gi en samlet uttalelse til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltningen, jf. forskrift til kml. kap. 1, § 1 pkt 2.

Middelalderkirkene i Radøy kommune

Middelalderkirken på Manger var trolig en stavkirke. Den ble erstattet av en tømmerkirke rundt 1600. Denne brant etter lynnedslag i 1738. En bruddsteinskirke sto ferdig i 1743, brant i 1822 og ble restaurert, og ble så erstattet av den nåværende kirke bygd i 1891.

Middelalderkirken på Sæbø var trolig en stavbygning. Denne ble avløst av en tømmerkirke i 1643, trolig på samme tuftsted. I 1884 ble nåværende kirke reist.

Middelalderkirken på Hordabø (Bø) var trolig en stavbygning. I 1721 omtales kirken som en nyoverhålt tømmerbygning. Denne ble i 1875 erstattet av nåværende kirke.

Riksantikvarens merknader

Manger kirke, Sæbø kirke og Hordabø kirke er listeførte. Saker som angår listeførte kirker skal til Riksantikvaren for rådgivning før det fattes vedtak av kirkelig myndighet etter kirkeloven jf Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 fra MD og KUF. Kirkene kan gjerne få hensynssone c) med retningslinjer som sier noe om saker som angår kirken og kirkens omgivelser, for eksempel:

"Manger kirke, Sæbø kirke og Hordabø kirke er listeførte kirker. All bygging nærmere kirken enn 60 meter er forbudt etter kirkeloven § 21 femte ledd, uten tillatelse fra biskopen. Saker som angår Manger, Sæbø og Hordabø kirke skal til Riksantikvaren for rådgivning før det fattes vedtak av kirkelig myndighet etter kirkeloven."

Manger, Sæbø og Hordabø middelalderkirkegårder er automatisk fredete kulturminner, og skal i kommuneplanen vises som hensynssone d), jf. pbl. § 11-8, H780, inkludert sikringssonen på 5 meter. Middelalderkirkegårdene er avgrenset i Askeladden, og kan søkes opp med ID-numrene slik de er gjengitt øverst i dette brevet.

Bestemmelser som sikrer god forvaltning av middelalderkirkegårdene må innarbeides. I planbestemmelsene skal det for Manger kirke, Sæbø kirke og Hordabø kirke stå:

“Middelalderkirkegården er et automatisk fredet kulturminne. I de delene av kirkegården som ligger innenfor middelalderkirkegården tillates kun gravlegging i gravfelter som har vært i kontinuerlig bruk etter 1945. Gravfelt som ikke har vært i bruk etter 1945 skal ikke brukes til gravlegging eller andre inngrep.”

Når det gjelder vurdering av kontinuerlig bruk av middelalderske kirkegårder, menes her en jevn bruk av kirkegården gjennom hele bruksperioden fram til i dag. Dersom deler av kirkegården ikke har vært i bruk etter 1945 anses disse delene av kirkegården ikke lenger å tilfredsstille vilkåret om kontinuerlig bruk. Bruk av disse delene av kirkegården til gravlegging skal således ikke gjenopptas, og vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 fra MD og KUF.

For all annen graving på den fredete delen av kirkegården skal det søkes om tillatelse til i hht. kml § 8. Riksantikvaren anbefaler derfor at det ikke planlegges treplanting, gjerder, stier eller andre tiltak som vil medføre inngrep i grunnen innenfor den delen av kirkegården som er avgrenset og definert som middelalderkirkegård.

Følgende bestemmelse skal derfor tas inn i kommuneplanen:

“Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk fredete kulturminnet er ulovlige uten etter dispensasjon fra kulturminneloven. Søknad skal sendes rette antikvariske myndighet, for tiden Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt igangsatt. Kostnader knyttet til nødvendige undersøkelser og eventuelle arkeologiske utgravninger belastes tiltakshaver.”

Dersom ikke de foreslåtte bestemmelsene tas inn i kommuneplanen, ber vi Hordaland fylkeskommune fremme innsigelse til planen. Vi ber om at Riksantikvarens uttalelse i saken blir lagt ved fylkeskommunens endelige uttalelse i saken.

Vennlig hilsen


Hanne Merete R. Moldung
seniorrådgiver



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Planavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 200902716	Dok.nr. 15
20 JUNI 2011	
Arkivnr. 713	Saksh. WJECH
Eksp.	
U.off.	

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Anne Marta B. Espelund - 55516432

Vår referanse:
2010/072617-005

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.06.2011

Uttale - Radøy kommune. Offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplan 2011-2023.

Statens vegvesen har motteke brev frå Radøy kommune dagsett 29. april 2011: *Kommuneplan for Radøy 2011-2023 – Høyring og offentleg ettersyn av framlegg til ny kommuneplan.* Vi sender våre innspel til Dykk vedrørende kommuneplanen, slik at De kan utarbeide ein felles uttale frå Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.

I revisjonen er det særleg sett på areal til nye bustader, næringsområde og landbruksområda. Samfunnsdelen er oppdatert med mål om å mellom anna fange opp endringar særleg innan helse og oppvekst.

Statens vegvesen sine interesser i kommuneplanen omfattar primært forvaltning av fylkesvegnettet på vegne av Hordaland fylkeskommune, samt vårt statlege sektoransvar med omsyn til trafikktryggleik, kollektivtransport, heilskapsløysingar i by, samordna areal- og transportplanlegging, universell utforming, redusert miljøbelastning, dempa bilbruk, samt å fremje sykkel og gåande.

Rikspolitiske retningslinjer

Statens vegvesen sitt arbeid byggjer mellom anna på Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal og transportplanlegging, NA-rundskriv T-5/93. I samsvar med rundskrivet skal *"Arealbruk og transportsystem utvikles slik at de fremmer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, med miljømessig gode løsninger, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Det skal legges til grunn et langsiktig, bærekraftig perspektiv i planleggingen. Det skal legges vekt på å oppnå gode regionale helhetsløsninger på tvers av kommunegrensene."*

Vi er nøgd med at retningslinjene er lagt til grunn i arbeidet med kommuneplanen, og vil understreke at det er viktig å legge vekt på desse for å få ein så trygg og effektiv trafikal situasjon som mogeleg på Radøy.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Reanskap
Båtsfiordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan for trafikksikring

Vi vil peike på at kommunane sine trafikksikringsplanar er viktige dokument i tilknytning til kommuneplanen. Prioritering av gang- og sykkelveggar i trafikksikringsplanen, som er samordna med ei framstilling i kommuneplanen, vil vere eit godt grunnlag når fylket skal prioritere trafikksikringstiltak og bygging av gang- og sykkelveggar i kommunen. Det er trong for revisjon av eksisterande plan i Radøy kommune.

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser

Det er positivt at rammeplan for avkjørsler og byggegrenser vert lagt til grunn, jamfør punkt 1.3 og 2.3 i føresegnene.

Støy

Støy er omtala i punkt 4.2 i føresegnene. Vi kan ikkje sjå at omsynssonene for støy er vist i plankartet. Dersom kommunen ønskjer at dei skal synast i eit eige kart bør dette gå tydelegare fram i føresegnene, jamfør punkt 4: *“omsynssonene er vist i plankartet om ikkje anna er skildra i føresegnene under.”*

Mjuke trafikantar

På generelt grunnlag bør ikkje nye bustadområde og spreidd utbygging tillatast der det ikkje er sikker skuleveg. Dersom kommunen ikkje har stilt krav om gang- og sykkelveg i samband med tilrettelegginga av nye bustadfelt får dei ansvaret for utbygging av desse, jfr. St.m. 83 (1974-75), den såkalla 75-regelen. Vår oppfatning er at kommunen gjennom punkt 2.4 i føresegnene sikrar sikker skuleveg til ein del av utbyggingsområda i planen. Det vil vere samfunnsøkonomisk å prioritere tilbod til mjuke trafikantar i dei sentrumsnære områda. Dei som vel å busetje seg i utkantstrøk får ikkje same tilbodet. Vi har likevel merknader til nokre av areala som er sett av til bustadbygging med omsyn til dette temaet.

Område for bustadbygging

I punkt 2.1 i føresegnene er det sett eit generelt krav til at areal sett av til bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan før utbygging.

Punkt 3.1.1 har følgjande unntak:

“I område avsett til eksisterande byggjeområde for bustad kan fortetting ved einskilde tomter skje utan krav til regulering, jfr plan- og bygningslova § 11-10 nr 1, på følgjande vilkår:

- 1. Søknaden kan gjelde for inn til tre bueiningar*
- 2. Det skal utarbeidast utomhusplan, som visar at mellom anna krav til uteopphaldsareal vert teke i vare både for eksisterande og nye bueiningar*
- 3. Forhold til transportnett og anna lovverk etter kommunen sin vurdering er ivareteke”*

Det vil frå Statens vegvesen si side ikkje vere aktuelt å godkjenne nye avkjørsler i desse områda dersom eksisterande avkjørsle er rimeleg nær. I samsvar med håndbok 017 skal avkjørsler som vert nytta av 10 eller fleire bustadeiningar utformast med svingradius 9 meter, eventuelt som eit kryss. Utbetring frå avkjørsle til kryss kan vere kostbart, og ofte har fleire grunneigarar interesser i området. Vi rår til at det vert sett krav om reguleringsplan der avkjørsla vert nytta av totalt 10 eller fleire bustadeiningar, og at det vert formulert eit eige vilkår under punkt 3.1.1 i føresegnene som sikrar dette.

Nokre av områda som er sett av til bustader legg opp til etablering på begge sider av fylkesvegane, noko som fører til mange kryssingar av mjuke trafikantar. Erfaringar tilseier at slike etableringar vil gje uheldige konsekvensar med omsyn til trafikktryggleik, spesielt når

det gjeld born. Vi rår til at kommunen vurderer dei aktuelle områda på ny, og ser etter løysingar der det berre vert etablering på eine sida av vegen. Det kan påreknast at Statens vegvesen stiller krav til trafikktryggleikstiltak før utbygging på begge sider av fylkesvegane kan tillatast.

Område for spreidd busetnad, LNF-SB

I punkt 3.4.1 i føresegnene er det lista opp nokre vilkår for at det ved enkeltvise søknader kan gjevast løyve til bygging av heilårsbustader. Vi vil krevje at det vert sett som eit vilkår at eksisterande avkjørsle skal nyttast der denne er rimeleg nær, jamfør rammeplan for avkjørsler. Viser til våre merknader til område for bustadbygging vedrørande utbetring av avkjørsler til kryss, og rår til at det òg i punkt 3.4.1 vert formulert eit eige vilkår om dette.

Kollektiv

Statens vegvesen legg til grunn at Hordaland fylkeskommune uttaler seg om dette temaet.

Sævdal (LNF-SB 4) og Halland (b13)

I samsvar med rammeplan for avkjørsler gjeld følgjande for vegar med streng haldning: *“Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan utvida bruk av avkjørsle godkjennast. (...) Der ÅDT er under 800 kan utvida bruk av avkjørsle godkjennast der tekniske krav vert stetta”* Fylkesveg 565 hp 50, mellom Halland og Manger, har streng haldning i rammeplanen, og ÅDT på vegen er om lag 900. Det er ikkje tilrettelagt med gang- og sykkelveg på strekninga. Ved vurdering av haldningskategori for vegane er det lagt vekt på vegen sin transportfunksjon, føreliggjande planar, trafikktryggleik, miljøtilhøva og vegstrekninga sin tekniske standard. Det kan frå Statens vegvesen si side ikkje påreknast løyve til utvida bruk av avkjørsler frå denne vegen utan at det skjer gjennom ein reguleringsplan.

Området i Sævdal er knytt til kv 43, og det vil vere kommunen som er vedtaksmynde når det gjeld avkjørsle. I planframlegget kan det gjevast løyve til 2 bustader i planperioden.

Området på Halland er sett av til framtidig bustader, og må inngå i reguleringsplan med rekkefølgekrav til mellom anna avkjørsle/kryss med busslommer, og fortau/gang- og sykkelveg, herunder trygg skuleveg før utbygging. Arealet er tenkt nytta til ca 4 bustader i følgje konsekvensutgreiinga.

Kommunen bør sjå på utbygging i områda Sævdal og Halland i samanheng. Med omsyn til trafikktryggleik bør det etter vår vurdering ikkje tillatast utbygging utan at det vert etablert eit tilbod til mjuke trafikantar til Manger først. Eksisterande fylkesveg vil verta avlasta av den nye vegen til Manger. Det er ikkje sett av pengar til prosjektet og det er usikkert kor tid vegen vil bli bygd. Då det er planlagt ein ny veg er det lite truleg at det vil bli prioritert pengar til fortau eller gang- og sykkelveg langs den gamle fylkesvegen dei neste åra.

Vi rår til at kommunen ser på moglegheitene for å lokalisere utbygginga nærare Manger sentrum, då det vil vere lettare å sikre tilbod for mjuke trafikantar der.

Med grunnlag i dei trafikale vurderingane kan vi ikkje akseptere at utbygging av Sævdal (LNF-SB 4) og Halland (b13) vert tillate før den nye vegen er bygd eller at det er etablert tilbod til mjuke trafikantar langs eksisterande veg. Dette må gå tydeleg fram i kommuneplanen.

Kvalheim (n4)

Naustområdet i Vaulen grenser til fv 414 hp 1 og hp 50. Frå 1. januar 2010 er den generelle byggegrensa langs fylkesveg 50 meter der det ikkje er regulert noko anna, jamfør veglova § 29. Det er i gang arbeid med å differensiere byggegrensene i rammeplan for byggegrenser, og fram til denne er vedteken legg vi til grunn ei byggegrense på 15 meter frå dei vegane som hadde status som fylkesveg før forvaltningsreforma. Det er særskilde reglar for byggegrensa i kryss: ei rett linje mellom punkta på midtlinjene, 40 meter frå midtlinjene sitt skjæringspunkt, viser den utvida byggegrensa i vegkrysset. Med omsyn til veginteressene er det mellom anna viktig å sikre areal til eventuell vegutbetring. Etter vår vurdering vil det vere uheldig å opne opp for etablering av fleire naust inne i vågen. Naustområdet Kvalheim (n4) kjem i konflikt med byggegrensene for fylkesvegen. Vi vil krevje at dette området vert teken ut av planen.

Vi rår til at Hordaland fylkeskommune vurderer å reise motsegn med grunnlag i våre merknader vedrørende Sævdal (LNF-SB 4), Halland (b13) og Kvalheim (n4).

Avdeling Hordaland
Med helsing

Sindre Lillebø

for

Olav Finne
avdelingsdirektør